



## Saksliste programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium

**Dato:** 24. november 2021

**Tid:** kl. 12:30-14.00

**Sted:** rom 305, HF-bygget/eller digitalt (Zoom)

### Saksliste

**13/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**14/21 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøtet den 21. april (sjå vedlegg)**

**15/21 Orientering**

1. Oppdrag til ekstern fagfelle for 2021
2. Omlegging av lektorprogrammet
3. Møteplan våren 2022

**16/21 Open dag 2022 (14. februar)**

**17/21 Innsending av rettleia oppgåve midtsemester**

Sak på UUI-møtet den 15. september (sjå vedlegg). Fagkoordinatorane diskuterte rammene for innlevering av rettleia semesteroppgåver og retten til ny vurdering (midtsemestereksamen). Kva for fordeler og ulemper? Diskusjonssak for styret.

**18/21 Plan for 3-årig emneevaluering**

**19/21 Gjennomgang av 3-årig emnerapport for SPLA109 vår 2021**

Styre skal gå igjennom innhaldet i rapporten og vil ha ansvar for å følge opp gjennomføringa av framlagte tiltak.

**20/21 Forslag til endringar i emneomtalar**

1. SPLA117 og SPLA637 (sjå vedlegg)
2. SPLA207 og SPLA257 (sjå vedlegg)

Sekretæren ber styret utsette avstemming til våren 2022.

3. SPLA118 og SPLA638

Styret har vedtatt enkelte endringar i emneomtala, men forslaget har blitt sletta i Emne på nett (EpN) sidan det blei lagt frem i feil semester. Ber difor styret om å



få presentert endringane på nytt eller eventuelt godkjende per sirkulasjon i etterkant av møtet.

4. SPLA312

Styret vedtok enkelte endringar i emneomtala i vår, men forslaget har blitt sletta i Emne på nett (EpN) ettersom det blei lagt frem i «feil» semester. Sekretæren ber difor styret om å få presentert endringane på nytt og/eller eventuelt godkjende per sirkulasjon i etterkant av møtet.

**21/21**

**Arbeidskrav og rett til utsett frist**

Kva gjer ein når studenten ikkje handhevar ein frist? Kva er gyldig grunn og kva for ekstra tid skal ein i så fall få? Det er fagmiljøet som handhevar krava, men noko rettsprinsipp er nedfelt i lovverket. Faget er tent med ein felles praksis som sikrar lik behandling på tvers av nivå og disiplinær.

**22/21**

**Ymse**

23.11.2021/RGB

## 3-årig syklus emneevaluering av SPLA109 Latinamerikansk historie

Våren 2021

I omtalen av «Kvalitetssystem for utdanning ved UiB» ber ein om at 3-årige emneevalueringar skal omfatta følgjande element:

### Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala

SPLA109 var t.o.m. våren 2020 lagt opp på ein svært tradisjonell måte, med førelesingar og skuleeksamen. I tråd med forskning som tilrår meir studentaktive undervisningsmetodar for å auka studentane si læring, sette me i 2019 i gang eit prosjekt for å gjera emnet meir studentaktivt. Målet var også å laga eit opplegg som me kan tilby parallelt på nett og på campus, og ein har såleis utvikla to heilt parallelle emne, SPLA109 som har campusundervisning og SPLA629 som har undervisning online. Alt læringsutbytte, alle læringsressursar og alle undervisningsopplegg er identiske for dei to emna. Den første delen av arbeidet vart finansiert av insentivmidlar, men me fekk ikkje midlar til fullføring av arbeidet, og dette vart såleis gjort som best ein kunne innimellom andre arbeidsoppgåver.

SPLA109 vart omstrukturert på fleire måtar:

- I staden for å gi ei kronologisk framstilling av historiske hendingar, har ein valt å leggja emnet opp tematisk med utgangspunkt i notida. Innfallsvinkelen er å forklara kvifor Latin-Amerika er slik det er i dag, ved å sjå på den historiske utviklinga. Slik ynskjer me å visa relevansen av å studera historie, av å kunna noko om hendingar og prosessar som fann stad for fleire ti- eller hundreår sidan. Dette viser også att i «Mål og innhald» for emnet, der det står at:  
«SPLA109 gir eit oversyn over viktige hendingar og utviklingstrekk i latinamerikansk historie, med notida som utgangspunkt. Gjennom historisk tilnærming vil studentane få tematisk innsikt i aktuelle spørsmål i Latin-Amerika i det 21 århundre. Dei utvalde emna er relevante for den dagsaktuelle situasjonen i Latin-Amerika med omsyn til politikk, økonomi og samfunnstilhøve, men heng samstundes nært ihop med den historiske utviklinga gjennom fleire århundre.»
- Det har alltid vore ei stor utfordring å finna pensum til dette emnet, i og med at ein treng litteratur som er skriva på eit spansk som er forståeleg for våre studentar, som har passeleg sidetal til vårt emne, som er passeleg generelt og passeleg spesifikt i omtalen av den latinamerikanske historia, og som har eit høgt nok akademisk nivå. Dette vart endå meir komplisert av å endra frå ein kronologisk til ein tematisk struktur. Løysinga vart å skriva ein del materiale sjølve i tillegg til å ta inn ein til to akademiske artiklar til kvart tema. Desse siste omhandlar relativt spesifikke aspekt ved dei ulike bolkane. Det sjølvproduserte materialet er i all hovudsak ført i pennen av Hans Erik Bugge, som har hatt undervisninga på SPLA629 våren 2021.
- Undervisninga vart omstrukturert til ein «flipped classroom»-modell. Materialet er organisert i modular på Mitt UiB, ein modul per tema, med arbeid som skal gjennomførast før timane, opplegg for undervisningstimane, etterarbeid og ekstra materiale. Før timane skal studentane lesa tekstar og sjå videoførelesingar laga av oss. Timane er lagde opp med aktiv diskusjon omkring det aktuelle temaet, der det også vert lagt opp til å trekkja linjer mellom dei ulike bolkane. I og med at ein berre har arbeidd digitalt våren 2021 grunna koronarestriksjonar, har ein brukt digitale vertøy som Kahoot og Flinga for å variera undervisninga, i tillegg til mykje arbeid i

breakout rooms. Etterarbeidet består av quiz, og ekstramaterialet av filmar, podcastar og ekstra lesestoff. Undervisninga er dermed retta mot å oppfylle følgjande deler av læringsutbyttet:

- Studenten «har kunnskap om nokre sentrale tema innan latinamerikansk politikk, økonomi og samfunn frå førkolonial tid og fram til i dag.»
  - Studenten «har forståing for kva historiske faktorar som dannar bakgrunnen for aktuelle problemstillingar i dagens latinamerikanske samfunn og kultur [...og...] for korleis ulike perspektiv pregar framstillingane av latinamerikansk historie og samfunn.»
  - Studenten kan også «samtale om tema knytte til latinamerikansk historie, og då særleg tema frå det 20. hundreåret.» og «kan gjera greie for sentrale trekk og samanhengar i latinamerikansk historie.»
- Det vart introdusert obligatoriske arbeidskrav samt ei ny vurderingsform som legg opp til formativ heller enn normativ vurdering. Studentane skal laga ein podcast (i grupper på 2-3 eller åleine) samt skriva to oppgåver på 750-1000 ord. Dei får utlevert lister over tema, og får tilbakemelding både på podcasten og på oppgåvene. Dei skal velja ei av oppgåvene som grunnlag for eksamen og utvida denne til 1500 ord. Desse obligatoriske arbeidskrava er retta mot å oppfylle den delen av læringsutbyttet som seier at studenten «kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i mindre skriftlege arbeid og munnlege presentasjonar på eit klart og korrekt spansk språk» og at han/ho «kan analysere fagstoff og trekka eigne slutningar.»

Emnet har såleis blitt endra i tråd med forskning som seier at studentar lærer best ved å aktivt delta. I tillegg har relevansen av emnet vorte meir tydeleg ved å gjera det meir dagsaktuelt utan at ein dermed i mindre grad går gjennom historiske hendingar og prosessar. Tilbakemeldinga frå studentar er at dei er svært nøgde og har lært mykje om latinamerikansk historie. Det bør likevel nemnast at opplegget med tett oppfølging av studentane har vore svært ressurskrevjande og at gjennomføringa av eit slikt opplegg kjem an på at ein også i framtida har nok ressursar til dette.

### Oppfølging av tidlegare evalueringar

Emnet har også tidlegare fått gode tilbakemeldingar frå studentar og hovudgrunnen til endringa var at me ynskde å følgja opp ny forskning og pedagogiske tendensar.

I studentevalueringa våren 2020 vart det peikt på at pensum på 350 sider er for stort. Som ekstern fagfelle påpeikar i sin rapport, er dette sidetalet i tråd med det tilsvarande emne har, og burde difor ikkje vera for stort i seg sjølv. Pensum er no endra (ikkje redusert) i tråd med den nye strukturen, men det kan framleis arbeidast meir med å finna betre løysingar, jf. tilbakemeldingane frå studentar våren 2021 som er kommenterte i neste bolc.

Det vart dessutan peikt på at det er vanskeleg når det er så store skilnader i spansk nivå mellom studentar. Dette er ei kjent og vedvarande problemstilling som ein alltid arbeider med og freistar å finna løysingar på.

### Studentevaluering og andre evalueringar som er relevante for emnet

Våren 2021 hadde emnet både midtvegs- og sluttevaluering. Som alltid, var det vanskeleg å få studentar til å svara på evalueringa, trass fleire oppmodingar frå både studiekonsulent og undervisar. Sidan oppmøte på undervisninga ikkje er obligatorisk og berre om lag ein tredjedel til halvparten av studentane var til stades i kvar økt, var det heller ikkje mogeleg å få alle til å svara ved å gi dei tid til dette i sjølve undervisninga. På midtvegsevalueringa svarte 18 studentar, på sluttevalueringa 14

studentar. På eksamenstidspunktet var 54 studentar registrerte på emnet, medan 44 gjennomførte alle obligatoriske arbeidskrav.

Frå dei som svarte, var tilbakemeldingane overveldande positive. Dei er nøgde både med strukturen, innhaldet og undervisninga på emnet. Det einaste studentane var verkeleg misnøgde med, var at det var digital undervisning heile semesteret grunna koronarestriksjonar, men dette var vonleg eit eingongstilfelle og emnet kan ha fysisk undervisning i framtida. Det andre studentane påpeikte, var at nokre av dei akademiske artiklane var vanskelege, og me vil ta ein gjennomgang av desse før neste vår og vurderer å byta ut ein del av dei. Studentane var veldig nøgde både med våre eigenproduserte tekstar og videoar, med timane og med tilbakemelding på oppgåvene. Dei likte også at dei fekk mange tema å velja mellom. Podcasten var ei spesielt populær oppgåve der mange verkeleg la ned ein stor innsats.

Nokre av studentane påpeikte også at det står i emneomtalen at det ikkje er krav om forkunnskapar, medan mange av studentane på emnet var anten spansktalande eller veldig gode i spansk. Dei følte difor at det var vanskeleg å delta i diskusjonar. Dette er ei utfordring me alltid har hatt på emnet og som me arbeider med å løysa på ulike måtar. Det må også påpeikast at det -jamvel om det ikkje er krav om forkunnskapar- står tydeleg formulert at «all undervisninga skjer på spansk og føreset gode spanskkunnskapar» og at ein tilrår «spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skule.»

### Erfaringar frå andre som bidrar i undervisninga på emnet, både studentar og tilsette

Emnet er heilt parallelt med SPLA629, som vert undervist på nett. Det har difor vore tett samarbeid mellom lærarane på dei to emna, samt med andre kollegaer som var involverte i utviklinga av emnet. Samarbeidet har vore godt og fruktbart, og erfaringane samanfellt hjå dei involverte lærarane. Studentar har ikkje bidratt i undervisninga på emnet.

### Strykprosenten på emnet

Våren 2021 var det 44 studentar som gjennomførte alle obligatoriske arbeidskrav, og av desse leverte 41 eksamen. 2 strauk, altså ein strykprosent på 4,9.

Til samanlikning leverte **statistikk frå våren 2019 og 2020**.

### Eventuell fagfellevurdering

Emnet vart fagfellevurdert i si gamle form i 2020 saman med dei andre emna på 100-nivå i bachelorprogrammet i spansk og latinamerikastudium. Ekstern fagfelle kommenterer at emnet verkar greitt strukturert og at pensum er godt tilpassa omfanget på emnet, men at pensum «kan bli bedre disponert i læringssituasjonen». Han kommenterer også utfordringa med ulike spansknivå mellom studentane utan at han tilbyr løysingar på dette, og elles både at situasjonen våren 2020 var spesiell og at tilbakemeldingane må sjåast i lys av dette, og at dei nye endringane frå våren 2021 ser positive ut.

## Vurdering av samsvar mellom omtalen av læringsutbyttet for emnet og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Sjå bolken om «Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala».

## Vurdering av om framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med dei fastsette måla for emne og program

Så langt emneansvarleg våren 2021 kan sjå, er framdrift og opplegg for emnet i samsvar med dei fastsette måla både for emne og program. I høve emnet isolert, viser ein til vurderinga gitt i bolken «Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala». Framdrifta og opplegget har vore som planlagt og ein har dermed hatt godt samsvar med dei fastsette måla for emnet.

Når det gjeld måla for programmet, bidrar emnet til å oppnå dei generelle delane innan følgjande mål samt dei delane som går spesifikt på historie:

- Kandidaten har brei generell kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verkty og metodar innan spansk språk og latinamerikansk kultur/historie og litteratur.
- Kandidaten kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innan faget.
- Kandidaten kan oppdatera kunnskapen sin innan fagområdet.
- Kandidaten kan arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskapar.
- Kandidaten kan skjønna og bruka moderne spansk munnleg og skriftleg.
- Kandidaten brukar kunnskapane sine kritisk og reflekterer over eigen fagleg praksis innafor alle dei tre disiplinane som inngår i spesialiseringa.
- Kandidaten kan gå vidare med eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte innafor alle tre disiplinane.

## Oppsummering og plan for oppfølging

Emnet i si noverande, nye form verkar å ha fungert svært godt. Både frå studentane og undervisarane si side. Det er likevel to punkt som bør følgjast opp:

- Ein må gå gjennom pensum og vurdere å byta ut nokre av dei akademiske artiklane. Dette vert gjort innan fristen for å melda inn pensum for neste vår, hausten 2021.
- Det er behov for å jobba meir med korleis studentar på alle spansknivå kan få godt utbyte av timane. Det er eit vedvarande problem at det er så ulike nivå og at dei som er svakast i spansk tykkjer det er vanskeleg å delta (ikkje berre på SPLA109, men også på andre emne i spansk og i andre fag på IF), og så langt har me ikkje funne ei løysing som alltid fungerer. Ein vil halda fram med å arbeida med problemstillinga.

I tillegg vil me halda fram med å arbeida med og forbetra dei sjølvproduserte læringsressursane samt opplegget for undervisningsøktene.

# Endringsrapport for emne SPLA117

Stadiuminfo:	Utkast (S1)
Sist endret:	15.11.2021 Miguel Angel Quesada- Pacheco (hromq)
Opprettet i EpN:	Nei

	Gammel verdi (S0, Importert fra FS)	Ny verdi (S1, Utkast)
<b>Generelt</b>		
<b>Emnekodeforslag</b>	SPLA117	SPLA117
<b>Tilknyttede campuser</b>	UIB	UIB
<b>Studienivå</b>	Grunnleggende emner, nivå I (100)	Grunnleggende emner, nivå I (100)
<b>Administrativt sted</b>	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk
<b>Studieansvarlig sted</b>	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk
<b>Vekting</b>	10.0	10.0
<b>Vektingstype</b>	Studiepoeng	Studiepoeng
<b>Navn - bokmål</b>	Spansk språk II	Spansk språk II
<b>Navn - nynorsk</b>	Spansk II	Spansk II
<b>Navn - engelsk</b>	Spanish II	Spanish II
<b>Første undervisningstermin</b>	2015 HØST	2015 HØST
<b>Siste undervisningstermin</b>	Ikke valgt	Ikke valgt
<b>Første eksamenstermin</b>	2015 HØST	2015 HØST
<b>Siste eksamenstermin</b>	Ikke valgt	Ikke valgt
<b>Språk</b>	Spansk	Spansk
<b>Studierettkrav</b>	Nei	Nei

## Rapportering

<b>Fag sortering</b>	SPANLAT Spansk språk og latinamerikastudier	SPANLAT Spansk språk og latinamerikastudier
<b>Studieprogram rapportering</b>	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium
<b>! Tilknyttede studieprogram</b>	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium	Ikke valgt
	INTL-SV Internasjonale studenter - Det samfunnsvitenskapelige fakultet	
	INTL-KMD Internasjonale studenter - Fakultet for kunst, musikk og design	
	INTL-MED Internasjonale studenter - Det medisinske fakultet	
	INTL-JUS Internasjonale studenter -	

Det juridiske fakultet

INTL-HF Internasjonale studenter -  
Det humanistiske fakultet

INTL-PSYK Internasjonale studenter  
- Det psykologiske fakultet

INTL-MN Internasjonale studenter -  
Det matematisk-naturvitenskapelige  
fakultet

ÅRHF-SPLA Årsstudium i spansk  
språk og latinamerikastudier

MAHF-LÆHR Lektorutdanning med  
master i historie eller  
religionsvitenskap

MAHF-LÆFR Lektorutdanning med  
master i fremmedspråk (engelsk,  
fransk, spansk eller tysk)

MAHF-LÆNO Lektorutdanning med  
master i nordisk

## Vurdering

<b>Oppgave/avhandling</b>	Nei	Nei
<b>Endringsønsker for vurderinger</b>	-	-

## Undervisning

<b>Enkeltemneopptak</b>	Nei	Nei
<b>Etteranmelding</b>	Direktepåmelding via StudentWeb	Direktepåmelding via StudentWeb
<b>Påmelding</b>	Direktepåmelding via StudentWeb	Direktepåmelding via StudentWeb
<b>Fjernund.status</b>	Nei	Nei
<b>! Administrativt ansvarlig</b>	(30.07.2020 - )	Robert Graff Bakkevold (01.01.2021 - )
<b>Emneansvarlig</b>	Miguel Angel Quesada-Pacheco (01.01.2021 - )	Miguel Angel Quesada-Pacheco (01.01.2021 - )
<b>Fagpersonweb - tilgang</b>	Miguel Angel Quesada-Pacheco (01.01.2021 - )	Miguel Angel Quesada-Pacheco (01.01.2021 - )
<b>Plagiatansvarlig</b>	-	-

## StudentWeb

<b>Merknad Studentweb</b>	-	-
<b>Merknad Studentweb - nynorsk</b>	-	-
<b>Merknad Studentweb - engelsk</b>	-	-



## Emneinfo

---

### Studiepoeng, omfang:

*Engelsk:*

10

*Nynorsk:*

10

### Studienivå (studiesyklus):

*Engelsk:*

Bachelor

*Nynorsk:*

Bachelor

### Undervisningsspråk:

*Engelsk:*

Spanish

*Nynorsk:*

Spansk

### Undervisningssemester:

*Engelsk:*

Autumn

*Nynorsk:*

Haust

### Undervisningssted:

*Engelsk:*

Bergen/online. This course does also exist as an online course (SPLA637)

*Nynorsk:*

Bergen/nett. Dette finst også som nettstudium (SPLA637)

**Mål og innhold:**

*Engelsk:*

The course consists of a detailed introduction to Spanish syntax and phonetics, as well as a specialization in Spanish grammar, focusing on Latin American variations of the language. The course builds on SPLA107.

*Nynorsk:*

Emnet omfattar ei grundig innføring i spansk syntaks og fonetikk, samt fordjuping i spansk grammatikk, med vekt på spanskamerikanske variantar av språket. Emnet byggjer på SPLA107.

**Læringsutbytte:**

*Engelsk:*

On completion of the course the student should have the following learning outcomes defined in terms of knowledge, skills and general competence:

Knowledge

The student should:

- have detailed academic and practical knowledge of sentence analysis, Spanish grammar and phonetics.

Skills

The student should:

- demonstrate a clear understanding of different variants of the Spanish language.
- be able to develop this academic knowledge further in order to identify these different variants.

General competence

The student:

- is able to analyse academic texts and draw their own conclusions.
- is able to further extend his or her knowledge, skills, and understanding through continued studies or employment.

*Nynorsk:*

Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

**Kunnskap:**

Studenten

- har solid fagleg og praktisk kunnskap om setningsanalyse, spansk grammatikk og fonetikk.

**Ferdigheiter:**

Studenten

- har ei god forståing av ulike variantar i spansk språk.
- har evne til å vidareutvikla faglege kunnskapar til å kunne identifisera desse variantane.

**Generell kompetanse:**

Studenten

- kan analysere fagstoff og trekka eigne slutningar.
- kan vidareutvikle kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.

**Krav til forkunnskaper:**

*Engelsk:*

No formal requirement, but all teaching is in Spanish, and demands a solid command of the language.

*Nynorsk:*

Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og føreset gode spanskunnskapar.

**Anbefalte forkunnskaper:**

*Engelsk:*

Introductory Spanish course or equivalent. It is advantageous to have completed the courses SPLA107 and EXFACOOSK, Linguistics.

*Nynorsk:*

Spansk innføringskurs eller kunnskapar tilsvarande Spansk nivå II frå vidaregåande skule. Det er ein føremon å ha gjennomført SPLA107 og EXFAC00SK Språk og Kommunikasjon.

**Studiepoengsreduksjon:**

*Engelsk:*

SPLA105 (10 ECTS Credits), SPLA637 (10 ECTS Credits) or SLAN640 (10 ECTS Credits)

*Nynorsk:*

På grunn av fagleg overlapp vert studiepoenguttellinga for SPLA117 redusert med 10 studiepoeng om det vert kombinert med SPLA105, SPLA637 eller med SLAN640.

**Krav til studierett:**

*Engelsk:*

The course is open to all with admission to the University of Bergen.

*Nynorsk:*

Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.

**Arbeids- og undervisningsformer:**

*Engelsk:*

Teaching is offered over a period of 8 to 10 weeks, with one **or two seminars a lecture and one seminar a** week, depending on available resources. The teaching focuses on central aspects of the required reading list, divided between phonetics and grammar, and in solving exercises. Student active learning methods are employed, and the students are thus expected to prepare for classes as well as engaging actively in class and in after-class-work.

In the case that less than five students register for a course, the organized teaching may be adapted to fit the number of students. If this occurs, students will be informed at the start of the semester, and before the registration deadline 1. February/1. September.

*Nynorsk:*

Undervisninga går over ein 8-10 vekers periode med **eitt eller to med ei førelesing og eit seminar** for veka, ettersom ressursane tillet det. Det vert undervist i sentrale delar av grammatikk- og fonetikk-pensum. Det vert gjort bruk av studentaktive læringsformer, og det er venta at studentane førebur seg grundig til timane og gjennomfører etterarbeid og oppgåveløysing.

Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet verta tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall verta informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.

**Obligatorisk undervisningsaktivitet:**

*Engelsk:*

There is one obligatory assignment on selected topics from the reading list. This assignment must be completed by the given deadline. The assignment is assessed as a pass/fail.

In accordance with the University of Bergen's Regulations for Degrees and Studies, the students have the right to a second try for each assignment, if one or more of the first hand-ins were not passed. The assignment must be approved before the student can be assessed in the course.

The compulsory assignment is valid for one semester after the teaching semester.

*Nynorsk:*

Det er ei obligatoriske oppgåve om utvalde tema frå pensum. Denne må utførast innan fristen for aktiviteten. Oppgåva blir vurdert til godkjent/ikkje godkjent.

I samsvar med UiB sitt grads- og studiereglement har studentane høve til å få eit nytt forsøk per oppgåve, om ei eller fleire av dei ikkje vart godkjende ved fyrste innlevering. Oppgåva må vera godkjend før ein kan gå opp til endeleg vurdering i emnet.

Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.

**Vurderingsformer:**

*Engelsk:*

The form of assesment is a 6-hour written examination at home. The written examination must be completed in Spanish. The exam is digital.

*Nynorsk:*

Vurderingsforma er ein 6-timars digital, skriftleg eksamen heime, skriven på spansk. Både språk og innhald vert vurderte og er grunnlag for fastsetjing av karakter i emnet.

**Hjelpemiddel til eksamen:**

*Engelsk:*

Students may use monolingual and bilingual (for example Norwegian-Spanish/Spanish-Norwegian) dictionaries approved by the Department during the exam. The students must bring their own dictionary to the exam and be aware of and follow the rules regarding dictionary use on exams.

*Nynorsk:*

Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på eksamensdagen. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.

**Karakterskala:**

*Engelsk:*

The exam is marked in the grade scale A-F, where F is a fail.

*Nynorsk:*

Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk.

**Vurderingssemester:**

*Engelsk:*

Autumn. There will also be given an assessment early in the spring semester for students with valid compulsory assignments.

*Nynorsk:*

Hautst. Der er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav.

**Litteraturliste:**

*Engelsk:*

The reading list is selected parts of a reference text on grammar.

*Nynorsk:*

Pensum er i hovudsak utvalde delar av ein grammatikk.

Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret.

**Emneevaluering:**

*Engelsk:*

The teaching is evaluated in accordance with the quality control system of the University of Bergen.

*Nynorsk:*

Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

**Programansvarlig:**

*Nynorsk:*

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.

**Emneansvarlig:**

*Nynorsk:*

Programstyret for spansk språk og latinamerikastudium.

**Administrativt ansvarlig:**

*Engelsk:*

Department of Foreign Languages

*Nynorsk:*

Det humanistiske fakultet ved institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

**Kontaktinformasjon:**

*Engelsk:*

Student Adviser: studierettleiar.if@uib.no Exam coordinator: eksamen.if@uib.no

*Nynorsk:*

Studierettleiar: studierettleiar.if@uib.no Eksamensadministrasjon: eksamen.if@uib.no

# Endringsrapport for emne SPLA637

Stadiuminfo:	Utkast (S1)
Sist endret:	15.11.2021 Miguel Angel Quesada- Pacheco (hromq)
Opprettet i EpN:	Nei

	Gammel verdi (S0, Importert fra FS)	Ny verdi (S1, Utkast)
<b>Generelt</b>		
<b>Emnekodeforslag</b>	SPLA637	SPLA637
<b>Tilknyttede campuser</b>	UIB	UIB
<b>Studienivå</b>	Videreutdanning lavere grad (800)	Videreutdanning lavere grad (800)
<b>Administrativt sted</b>	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk
<b>Studieansvarlig sted</b>	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk	184.11.20.00 Institutt for fremmedspråk
<b>Vekting</b>	10.0	10.0
<b>Vektingstype</b>	Studiepoeng	Studiepoeng
<b>Navn - bokmål</b>	Spansk II	Spansk II
<b>Navn - nynorsk</b>	Spansk II	Spansk II
<b>Navn - engelsk</b>	Spanish II	Spanish II
<b>Første undervisningstermin</b>	2021 HØST	2021 HØST
<b>Siste undervisningstermin</b>	Ikke valgt	Ikke valgt
<b>Første eksamenstermin</b>	2021 HØST	2021 HØST
<b>Siste eksamenstermin</b>	Ikke valgt	Ikke valgt
<b>Språk</b>	Spansk	Spansk
<b>Studierettkrav</b>	Ja	Ja

## Rapportering

<b>Fag sortering</b>	SPANLAT Spansk språk og latinamerikastudier	SPANLAT Spansk språk og latinamerikastudier
<b>Studieprogram rapportering</b>	SPLA637 Spansk II	SPLA637 Spansk II
<b>! Tilknyttede studieprogram</b>	BAHF-SPLA Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium	Ikke valgt
	ÅRHF-SPLA Årsstudium i spansk språk og latinamerikastudier	
	SPLA637 Spansk II	

## Vurdering



<b>Oppgave/avhandling</b>	Nei	Nei
<b>Endringsønsker for vurderinger</b>	-	-

## Undervisning

<b>Enkeltemneopptak</b>	Nei	Nei
<b>Etteranmelding</b>	Manuell påmelding ved institutt/avdeling	Manuell påmelding ved institutt/avdeling
<b>Påmelding</b>	Manuell påmelding ved institutt/avdeling	Manuell påmelding ved institutt/avdeling
<b>Fjernund.status</b>	Ja	Ja
<b>Administrativt ansvarlig</b>	Robert Graff Bakkevold (01.01.2021 - )	Robert Graff Bakkevold (01.01.2021 - )
<b>Emneansvarlig</b>	Miguel Angel Quesada-Pacheco (01.01.2021 - )	Miguel Angel Quesada-Pacheco (01.01.2021 - )
<b>Fagpersonweb - tilgang</b>	-	-
<b>Plagiatansvarlig</b>	-	-

## StudentWeb

<b>Merknad Studentweb</b>	-	-
<b>Merknad Studentweb - nynorsk</b>	-	-
<b>Merknad Studentweb - engelsk</b>	-	-

## Emneinfo

### Studiepoeng, omfang:

*Engelsk:*

10

*Nynorsk:*

10

### Studienivå (studiesyklus):

*Engelsk:*
